



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Høyanger 12.09.24

Protokoll møte i Høyanger kyrkjelege fellesråd

Mottakarar i fellesrådet:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Torsten Müller, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø, Terje Søreide og Kjersti J. Søreide, Frode Merkesvik, Andreas Ester,

Kopi går til:

Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygard, Elisabeth Johansen, Eldrun Nordahl, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Camilla M. Ådland, Leif Arne Fureli. Knut Magne Nesse. Inger Cesilie Fitje, Renate Ørnehaug Dale, Petter Sortland og Ørjan Haram v/ postmottak Høyanger kommune.

Torsdag 19.09.2024. kl.10.00 på Høyanger kirkekontor og digitalt.

Frammøte:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Torsten Müller, Toril Lange (digitalt), Terje Søreide og Kjersti J. Søreide (digitalt), Frode Merkesvik og Andreas Ester.

Forfall: *Bjørn Harald Nybø*

Opning av møtet:

- **Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll**
 - Meldingssak 016 og 017 blir handtert til slutt i møtet. Etter opning av møtet startar ein dermed med meldingssak 018
- **Soknepresten har ordet**
 - Presten nytta høvet og takke Ali for tida han har vore tilsett hos oss. Sidan Ali kalla guten sin for Jonas tok presten utgangspunkt i historia om Jonas i Bibelen og salmen som er frå han då han hadde som vanskelegast.

Meldingssaker:

- 016 Personalsituasjonen nett no.**

Denne orienteringa kom saman med meldingssak 017, til slutt. Etter ei kort orientering, vart Torstein Müller permittert frå møtet.
- 017 Kyrkjeleg arbeid framover, jmf saka ovanfor!**

Denne saka heng tett saman med saka over og vart handsama saman med denne.

018 Ali Kharrat vart takke av

Ali Kharrat vart takka for den gode jobben han gjorde for oss. Han meistra jobben godt på tvers av ulike religiøse ståstad. Han fekk med ein gåvebibel som minne frå tida han jobba for oss.

019 Arbeidet med Ortnevik kyrkje og 100-årsjubileet til den.

Det vart orientert om dette. At kyrkja er listeført gir krav til godkjenningar frå biskop og riksantikvar. Men deira handsaming har vore rask og effektiv. Det er håp om at kyrkja vil kunne vere ferdig oppussa og med universell utforming til jubileet. Jubileet er planlagt til helga 4.-5. oktober 2025. Det vert samling for bygda på laurdag med samtale om korleis ein kan ta vare på og bruke kyrkja dei neste 100 åra. På søndagen vert det Gudsteneste der biskopen deltek, middag for inviterte gjester og konsert med Sigrid Moldestad.

020 Nettverk for fellelrådsleiarar

Fellelrådsleiaren, Sturla Bell Fossen orienterte kort om dette. Det var semje i fellelrådet om at ein måtte unngå at dette vart for stort og omfattande. Rådsstrukturen i Den Norske Kyrkja er allereie omfattande nok

021 Kyrkjeverja har ordet

Det vart orientert om:

- Helgestunder
- Lønnsoppgjering for kyrkjelege tilsette
- brannvarsling og rutinar
- Vedlikehald
- Økonomi
- Kyrkjegardsslåtten som må lysast ut på anbod for dei neste 3 åra.

Vedtaks sak:

020/24 Lønnsutval

Kyrkjeverja deltok ikkje i møtet under handsaminga av denne sak.

Vedtak:

**Leiar, nestleiar og den kommunale representanten i rådet blir valde til lønnsutval.
Det er Sturla Bell Fossen, Terje Søreide og Frode Merkesvik**

Samrøystes vedteke.

Neste møte vert 17.oktember kl.10.00

Av praktiske årsaker kan dette møtet bli utsett.

Protokoll ført av:

Stig Jonny Fitje

Kyrkjeverje for Høyanger kyrkjelege fellelråd